



Årsmelding og rekneskap

2025



56. Driftsår

Årsmøte for 2024 vart halde på Herøy Vasslag 21. mai 2025.

Etter Årsmøte har styret slik samansetjing:

		På val:
Eldar Zahl	Styreleiar	2026
June Rooney	Nestleiar	2026
Margareth Leinebø	Styremedlem	2026
Kjartan Sundnes	Styremedlem,	2027
Marit R. Søvik	Styremedlem	2027
Aksel Lervik	Styremedlem	2027
Varamedlemar til styret:		
1. Gunn Skorpen		2026
2. Andreas Kvalsund		2027
3. Hans Karsten Voldsund		2027
Valnemnd for 2025:		
Cecil Elisabet Nærbø		2027
Ronny Bjerkvik Nilsen		2027
Per Botn		2027
Sigbjørn Notøy		2026
Frode Nerem		2026


Revisorar:

BDO AS i Ulsteinvik har revidert rekneskapen for 2025.

Styremøter:

Styret har i 2025 halde 7 møter og handsama 38 saker der viktigaste sakene har vore: Økonomiplan, utbyggingsplanar og finansiering.

Laget sin organisasjon:



Administrasjon:

Arve Pedersen starta som vaktassistent i 2025, utover det ingen endring

Roger Myklebusthaug er dagleg leiar, og Bjørnar Bendal og Joachim Liavåg er driftsoperatørar.

Joakim Liavåg er vald som Verneombod i perioden 09.2024 – 09.2026.

Mari Myklebust har ansvar for rekneskap, kundeoppfølging, arkiv, vassprøver og HMS.

Mari Myklebust sa opp sin stilling og slutta etter endt oppseiingstid 28. februar 2026.

Børge Molland og Arve Pedersen er deltidstilsett som vaktassistentar og går inn i vaktplanen for natt og helgevakt.

Totalt er det utført 4,16 årsverk i 2025.

Rammevilkår for drifta av Herøy Vasslag

Verksemder for vatn- og avløp er underlagt ei rekkje lover og forskrifter som regulerer og påverkar planlegging, utføring og drift av VA-anlegg. Dei viktigaste lovene og forskriftene er lista opp under.

- Lov om vassdrag og grunnvann (Vannressurslova)
- Forskrift om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg
- Forskrift om vassforsyning og drikkevatt (Drikkevannsforskrifta)
- Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn.
- Forskrift om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgivingen (IK-MAT)
- Lov om kontroll med produkt og forbrukartenester (Produktkontrolllova)
- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Felles kommunalteknisk VA norm for Søre Sunnmøre

Mattilsynet:

Mattilsynet har heimel til å føre tilsyn i matlova § 23
Ingen tilsyn i 2025.

Beredskap

Beredskapsplanen og system for Internkontroll vert oppdatert ved behov, med hovudrevisjon kvart tredje år, sist revidert i 2024.

Herøy Kommune har eit **Beredskapsråd** som skal møtast 1 til 2 gongar i året for å gi kvarandre orientering om beredskapsarbeidet.

Beredskapsrådet består av:

• Kriseleiinga • Brannsjefen • Kommuneoverlege • Politikontakt • Politistasjonssjef • Sivilforsvaret • Sørøyane Røde Kors • Saniteten • **Herøy vasslag** • Linja • Mowi • Herøy næringsforum.

Tafjord Kraft har vassdragsteknisk ansvar for Vikevatn/Igesundvatn og Mørkevatnet (Moltu sitt ansvar) **Ancistrus** as utfører årleg kontroll på Moltu, Frøystad og Kvalsvika høgdebasseng, og gjennomfører reingjering ved behov.

Felles Rammeavtale med Aurvoll og Furesund AS for Herøy og Nerlandsøy Vasslag, sikrar tilgang på kompetanse og kapasitet for drift og vedlikehald av leidningsnett.

Vi har serviceavtalar på alle tekniske anlegg som er kritiske for sikker vassforsyning.

HMS:

Vasslaget si verksemd er også underlagt:

- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)
- Forskrifter frå arbeidstilsynet
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)
- Forskrift om miljø retta helsevern

Det er utarbeidd plan for helse, arbeidsmiljø og sikkerheit og Mari Myklebust har hatt oppgåva med å følgje opp planen.

Vi er tilknytt Avonova Bedriftshelseteneste og det vert gjennomført periodisk vurdering av helsestatus knytt til eksponeringar i arbeidsmiljøet.

Sjukefråvær utgjer samla gjennom året 0,86% som gjeld korttidsfråvær 1 – 16 dagar.

Det er ikkje registrert uønska hendingar knytt til arbeid eller arbeidsmiljø.

Samarbeid med Herøy kommune:

Herøy kommune har det overordna ansvar for sikker vassforsyning i kommunen, og det er inngått samarbeidsavtalar som omfattar Driftskontroll, kart over leidningsnett og innkjøp av felles tenester.

Det vert halde årleg samarbeidsmøte for gjennomgang av samarbeidsavtalar og utbyggingsplanar som det er aktuelt å gjennomføre i fellesskap.

Samarbeidsavtalar med andre vasslag i kommunen:

Nerlandsøy Vasslag SA uttak av vassprøver og rekneskapsføring.

Moltustranda Vassverk SA om felles vasskjelde, leidningsnett frå Mørkevatnet til utjammingsbasseng i Moltudalen, vedlikehald av dam og veg.

SMS varsling ved ulike hendingar:

Ved avstenging av vatnet og andre uønskte hendingar, blir alle råka abonnentar varsla med SMS.

Alle telefonar som er registrerte på eigedomar i Herøy er omfatta av ordninga. «Varslemeg.no»

Økonomi

Oversikt over resultatutvikling:

	2025	2024
Samla driftsinntekter	25 986 068	24 953 270
Samla driftskostnader	18 310 924	16 064 084
Driftsresultat	7 675 144	8 889 185
Netto Finanspostar	-3 858 793	-4 870 566
Årsresultat	3 816 351	4 870 566
Balanse sum	146 361 991	138 778 637
Andelskapital	25 080 909	24 834 604
Eigenkapital totalt	65 375 687	61 313 031
Eigenkapital %	44,67%	44,18%

Samla vassavgift vart	kr. 25 710 670,-, (Budsjett kr. 25 638 247,-).
Målt forbruk utgjør	kr. 5 164 254,- (20,09% av samla gebyrinntekter)
Drift og vedlikehold av leidningsnett	kr. 1 584 585,-
Nytt leidningsnett er aktivert	kr. 13 653 472,-.
Utstyr/anlegg/driftskontroll er aktivert	kr. 255 642,-
Avskrivningane for 2025 utgjør	kr. 5 026 614,-.

Disponering av resultat:

Styret foreslår at årets resultat kr 3 815 351,- vert overført til annan eigenkapital slik vedtektene seier.

Abonnementsgebyr 2025:

På Årsmøtet i 2024 vart det vedtatte 5% gebyrauke for 2025 for Herøy Vasslag sine abonnentar. Stemmedal sine gebyrsatsar vil stå uendra i 2024 – 2026 og vert samordna frå 2027.

Årsgebyr vert innkravd i fire terminar: Februar, mai, august og november. Målarabonnentar med stort forbruk vert fakturert kvar månad eller kvartalsvis.

Fullstendig regulativ og prisliste ligg på www.heroyvasslag.no

Andelskapital:

Andelskapitalen har auka med kr 246 305,-.

Endring i 2025: +263 bueiningar, +15 fritidsbustadar, +40 naust, +29 næring.

Samla andelskapital er ved årsskiftet kr **25 080 909,-** Totalt 3888 abonnentar.

Uteståande fordringar:

Kundefordringar pr. årsskiftet kr. 1 516 264,- (kr. 1 698 065,-)

Vi registrerer nedgang i purregebyr, kr.10 136,- (kr. 32 253,-)

Fakturarutinane er no slik at krav vert send Kreditorforeningen SA etter første purring med inkassovarsel.

Dersom kravet ikkje vert innfridd gjennom Kreditorforeningen vert det sendt Stengevarsel.

Fakturagebyr kr. 35 575,- (kr. 43 358,-).

Gjeld og bankinnskot:

Kortsiktig gjeld til leverandørar, offentlege avgifter,

feriepengar og skattetrekk utgjør

kr. 6 191 444,- (kr. 2 680 261,-)

Lån i Kommunalbanken

kr.72 229 284,- (kr. 74 697 910,-)

Samla bankinnskot på

kr. 4 066 860,- (kr. 6 181 729,-)

Rentekostnader

kr. 4 020 803,- (kr. 4 401 276,-)

Viser elles til rekneskapen for 2025.

Vassforsyning – Leidningsnett:

	Ytre Herøy	Stemmedal
Produsert reint vatn til nett	1 407 651 m ³ (1 431 594)	493 859 m ³ (404 443)
Levert SV/HV	416 m ³	96220 m ³
Berekna lekkasje	24,31% (26,94%)	38,83% (32,8%)
Kundetimar utan vatn	1 383 (1 450)	175 (131)

Oversikt over leidningsnett

2025	Ytre Herøy				Stemmedal			
	Nytt	Fjerna	Bytta	Total	Nytt	Fjerna	Bytta	Total
Asbest								105
PP				717				
Stål		330	160	7 409		0	0	0
PVC		847	202	41149				20 728
PE	3405		715	65002	0			16 183
Total	3405	1 177	1077	114277	0	0	0	37 016
				Ytre Herøy				Stemmedal
Brudd hovedledning			3					0
Lekkasjer, kum og kraner			3					0
Brudd Privatleidninger			37					10
Graveuhell entreprenør			4					1
BRANN			0					1

Alder på leidningsnettet		
	Ytre Herøy	Stemmedal
Årstall	meter	meter
<1970	1595	1 219
<2000	52438	15 510
<2015	28970	9 576
<2030	31274	10 711
	114277	37 016

Det er lagt 4162 m nye PE-rør.
 Og fjerna 1177 gamle rør
 Det er sett ned 14 nye, fjerna 15
 og oppgradert 10 kummar i ytre Herøy.
 Det er oppgradert 3 kummar i indre Herø
 Det vert jobba systematisk med kontroll
 og vedlikehald/utskifting av gammalt
 leidningsnett og kummar.
 Det var uventa mange brudd på private
 stikkledningar i 2025

Berekning av lekkasje	Ytre Herøy		Stemmedal	
	m ³	Andel %	m ³	Andel%
Totalforbruk vatn	1 407 651		493 859	
Teoretisk forbruk husholdn	350 382	24,89 %	106 390	21,54 %
Fritidsboliger	7 038	0,50 %	2 469	0,50 %
MOWI og F.Pelagic	421 984	29,98 %		
Andre målar-abonnentar	35 075	2,49 %	5 107	1,03 %
Forbruk Industri	132 320	9,40 %	52 849	10,70 %
Tenesteytande næring	70 382	5,00 %	24 693	5,00 %
Primærnæring	2 815	0,20 %	987	0,20 %
Teoretisk Brann og spyling	45 000	3,20 %	13 395	2,71 %
Levert SV/HV	416	0,03 %	96220	19,48 %
Lekkasje	342 239	24.31%	191746	38,83%

Oversikt Vassforbruk

Herøy						Stemmedal			
	Totalt		Max	Min	Snitt	Totalt	Max	Min	Snitt
Januar inkl. SV	138 758,5	m3	48,82	22,38	75,38	38 602,5	14,41	3,18	14,30
Febr	112 552,2	m3	43,18	21,23	71,91	34 683,3	14,16	3,825	16,45
Mars	114 877,7	m3	39,9	20,49	81,06	36 190,5	13,52	3,665	15,05
April	111 223,5	m3	39,82	19,51	72,86	37 721,5	14,55	3,545	14,78
Mai	117 124,8	m3	40,73	21,62	71,44	40 357,7	15,07	4,75	19,56
Juni	132 074,1	m3	47,86	20,51	80,87	38 301,0	14,78	3,5	23,46
Juli	119 089,7	m3	41,47	18,56	74,03	42 571,9	15,89	5,02	16,76
August	113 999,7	m3	39,57	18,62	77,84	40 482,3	15,11	4,67	19,74
Sept.	99 916,6	m3	35,46	18,98	68,81	50 411,5	19,45	5,19	24,15
Okt.	117 073,6	m3	40,72	17,34	78,55	51 400,1	19,19	4,795	25,20
Nov.	125 812,5	m3	45,58	20,92	86,81	44 039,4	16,99	3,135	22,525
Des.	105 148,0	m3	36,27	17,67	77,43	39 097,4	14,6	5,425	14,075
Totalt 2025	1 407651	m3	83,72	17,34	44,71	493 859			
m3	3 856,58	pr. døgn				1 353,04			
m3	160,69	time				53,38			
Liter	44,64	sek.				15,66			


Investering Nyanlegg/leidningsnett:

Dei største investeringane i nye anlegg

Nerlandsøybrua Trasee frå huldalskrysset til Igesund (M&R Fylket og Volda Maskin)
945meter ny PE 200 leidning og 5 nye vasskummer i perioden 2023-2025



Oppgradering Røyra-Frøystad (oppgradering av reserveforsyning frå Stemmedal)
2596meter med ny PE 250 leidning, 1355 PE 200 og 358 PE 110 og 10 nye Vasskummer
Felles prosjekt med Linja (Aurvoll og Furesund Halset maskin) perioden 2024-2025



Vasskvalitet:

Det vert gjennomført prøveuttak av råvatnet før og etter UV behandling, Vidare vert det teke prøver på ulike stadar på forsyningsnettet etter godkjent plan av Mattilsynet.

Det er teke 12 prøver av råvatnet på Moltu og i Stemmedal,

Totalt er det teke 114 på nettet i ytre og 39 i indre, og det er ikkje registrert E.coli eller Koliformebakteriar. Fargetalet på råvatnet i Mørkevatnet har eit snitt på 14 og max på 25 i 2025.

Stemmedalsvatnet har gjennomsnitt på 32 og max på 41.

Ute på nettet varierer fargetalet med snitt på 12 og max på 19 i ytre og er snitt på 2,5 og max 9 i Indre.

Ant. planlagte prøver, behandla vatn	H.V					S.V	S.V			
	H.V	Snitt	Max	Min	Median		Snitt	Max	Min	Median
Koliforme 37 °C (agar) /100ml	114	0,026	3	0	0	39	0	0	0	0
E. coli 37 °C (agar) /100ml	114	0	0	0	0	39	0	0	0	0
Totalantall bakteriar 22 °C	114	7.57	89	0	4	39	1.2	11	0	0
Intestinale enterokokkar /100ml	114	0	0	0	0	39	0	0	0	0
Clostridium perfringes /100ml	12	0	0	0	0	4	0	0	0	0
pH	114	7.12	8.5	6.7	7.0	39	8.25	8.6	7.7	8.3
Konduktivitet	114	4.42	10.2	3.47	3.89	39	9.56	11.0	8.63	9.44
Turbiditet (FNU)	114	0,501	0,6	0,5	0,5	39	0,5	0,5	0,5	0,5
Farge	114	11.75	19	2	12	39	2,44	9	2	2
Lukt	27	1	1	1	1	9	1	1	1	1
Smak	27	1	1	1	1	9	1	1	1	1
Jern	20	0,027	0,10	0,0026	0,0205	39	0,02	0,04	0,00096	0,014

Ant. planlagte prøver, råvatn	Moltu Mørkevatnet						Stemmedalsvatnet			
	M.M	St.v	Snitt	Max	Min	Median	Snitt	Max	Min	Median
Koliforme 37 °C (agar) /100ml	12	12	37.58	200	0	5,5	14,33	31	1	14
E. coli 37 °C (agar) /100ml	12	12	1,75	14	0	0	0,17	1	0	0
Totalantall bakteriar 22 °C	12	12	59.83	110	14	62,5	72	160	24	71,5
Intestinale enterokokkar /100ml	12	12	0	0	0	0	0	0	0	0
pH	12	12	6.32	6.5	6.2	6.3	5.84	6.1	5.7	5.8
Konduktivitet	0	12	-	-	-	-	3,02	3,38	2,79	2,94
Turbiditet (FNU)	12	12	0,5	0,5	0,5	0,5	0,508	0,6	0,5	0,5
Farge	12	12	14,16	25	11	13	32,67	41	26	32
UV-transmisjon	12	0	43,6	48,6	37,3	44,2	-	-	-	-

Vikevatnet/Igesundvatn:

Det er søkt om 3 års utsetting for å få vurdert om fjerning av dammen er den mest framtidretta løysinga. Forventa gjennomføring av seinking eller fjerning av demninga/overløp 2027-28.

Utbyggingsplanar 2026 – 2035

Ved rullering av plan for forventa utbygging og utskifting av leidningsnett er samla investeringsbehov fram til 2034 ca. kr.155 millionar. Største investeringa i 2026 er oppgradering av nettet i Leinevika. Nytt Vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng er forventa oppstart 2026 med ferdigstilling 2027.

Nytt Vassbehandlingsanlegg i Moltudalen:



Prosessen med reguleringsplanen nærmar seg fullføring og er behandla av kommunen i mars 2026, og vi ventar på behandling av klage frå statsforvaltaren.

Aktuelle utbyggingsprosjekt styrebehandla desember 2025.

		Aktuelle utbyggingsprosjekt Revidert 12. desember 2025		Investering		Behov	
Årstal	Prosjekt	HOVDLEDNINGSNETT	Dimensj.	Fakturert	2026 - 2036	2026	
2026	Leinevika Frå målekum til Bedehuset				5 000 000	5 000 000	
2026	Leinevika (inntrekk i eksisterande på indre Leine)				1 500 000	1 500 000	
2026	Kvalsvik oppgradering av hovedledning + kum prosjekt med HK				1 000 000	1 000 000	
2026	Kleiva- Moltu Høydebasseng (inntrekk i gammel ledning ca 800 m til nytt anlegg)				2 500 000	2 500 000	
2026	Marken Marina utvidelse				1 000 000		
2026	Djupedal-Hulda samarbeid med herøy Kommune				500 000		
2026	Opprydding Dam i Sævik				500 000		
2027	Etablering av ringledning Huldalen fra ny kum i Fylkesvei til Buråsa 19				1 600 000		
2027	Utskifting Etemitt Myrvåg, langs gamle skuleveg				2 500 000		
2027	Grønhaugvegen m/H.Kommune				1 000 000		
2027	Gjerdevegen 3 til Øvre Myklebust 16 (oppgradering skifte sig)	200PE			250 000		
2027	Gamle Myklebustvei 9-22 (Oppgradering fjerne sig)				1 500 000		
2027	Utskifting etemitt 60m Dragsund				600 000		
2028	Igesund sanering av demningar				2 100 000		
2028	Kirka til Kulturhuset ny PE 200 ledning ca 250m		200PE		3 000 000		
2028	Sævik 60 til Sævik 73 (oppgradering 63mm)				500 000		
2028/29	Ny ledn. Herøysenteret til Automarine		315PE		4 000 000		
2029	Ringledning Hjølmeseth fra Kum 5263 til Kum 2612 ca 90M PE 110		110PE		750 000		
2029	Demning Stemmedal, oppgradering				2 000 000		
2029/30	Ny ledning frå busslomma v/Borgerhaugvegen til Berge Bedehus		315PE		4 000 000		
2030	Trolldalen felles prosjekt med Herøy kommune utskifting kummer				2 000 000		
2030/31	Voldsund til Remøyholm				4 000 000		
2031	Igesundvegen 95-111 (intrekk gammel stål, Nerlandsøy Vasslag)				1 000 000		
2031	Legane Leikong, Lavt trykk ny ledning kum 1595 - 1580				2 500 000		
2031/32	Leine til Voldsund (Ventar på SVV ny veg/gangveg)				4 000 000		
2032	Utskifting frå busslomme i Flusundvegen		200PE		1 500 000		
2032	Lisjebøvegen 2-15				2 000 000		
2032	Øyraehva Ny PE 200 gjennom eha				750 000		
2033	Legane Leikong Ny sjøledning til til Feirevikja frå kum 1595				2 000 000		
2033	Gjertneset (ombygging fra sjøledning)				2 500 000		
2033	Myrvåg, v/Pekas - Indsistrivegen				2 000 000		
2034	Sanering dam Kvalsvik				500 000		
2035	Frøystadkryss til Torvikvegen 58				3 000 000		
2036/37	Oppgradering Demninga Mørkevatnet				20 000 000		
	Investering Leidningsnett				0	83 550 000	10 000 000
2024	Nytt Reinseanlegg på Moltu + to høgdebasseng					78 500 000	10 000 000
2027	Ny arbeidsbil					600 000	
2029	Ny arbeidsbil (pickup)					800 000	
2032	Ny Transporter					700 000	
	Delsum Utstyr/anlegg.				0	80 600 000	10 000 000
	Sum investering/kostnad				0	164 150 000	20 000 000

Miljø:

I Stemmedal vart det pumpa ca. 15 800 m³ spylevatn til sjø. Forbruket av Jernkloridsulfat på ca. 15 000 kg og forbruket av kalsiumkarbonat var ca. 5 000 kg. Dette er i samsvar med godkjend utsleppsløyve. Ved vassbehandling i ytre Herøy vert det nytta ca. 16 000 m³ Krystazil (Vannglass) pr. år for heving av PH-verdien i drikkevatnet.

Sluttord:

Oppgradering med ny leidning og trykkforsterking frå Røyra til Frøystadtoppen og ny leidning brutrasse Igesund er ferdig stilt i 2025.


Vi forventar at godkjend reguleringsplan for Nytt vassbehandlingsanlegg med reservevatn er klar våren 2026, og utlysing av anbodskonkurranse for dei ulike prosjektdelane kan skje sommaren 2026, med oppstart av byggeprosessane seint 2026 eller våren 2027,


Dei tilsette jobbar godt saman som team og vi har eit positivt arbeidsmiljø. Samarbeidet i styret og med dagleg leiar fungerer godt.

Styret vil takke dei tilsette for godt utført arbeid i 2025.


Fosnavåg, 16. april 2026


Styret i Herøy Vasslag SA


Eldar Zahl
Styreleiar



June Rooney
Nestleiar


Aksel Lervik
Styremedlem


Margareth Leinebo
Styremedlem


Kjartan Sundnes
Styremedlem


Marit R. Søvik
Styremedlem


Roger Myklebusthaug
Dagleg leiar